

Frå
Fagforbundet Meland
v/ tillitsvald på Rossland skule

Til
Meland kommunestyre

INNSPEL TIL MELAND KOMMUNE SITT BUDSJETT FOR 2016, INVESTERINGSPLAN 2016 – 2019.

Rosland skule si administrasjonsavdeling har eit svært dårlig inneklima. Det var difor i tidlegare forslag, frå kommuneadministrasjonen si side, satt av midlar til utbetring av ventilasjonsanlegget til desse kontora. Vi ser no til vår fortviling at desse midlane er tenkt utsatt på ubestemt tid i Rådmannen sitt framlegg til økonomiplan. Dei ligg ikkje inne i plan for 2016 / 2019. Per i dag er den beste ventilasjonen vår å ha vindauget ope. Vi frykter at dette kan bli veldig kaldt til vinteren. Administrasjonsavdelinga er i eit murbygg, bygd i 1978.

Det er også tilsette per i dag som ikkje kan opphalde seg på skulen sine kontor fordi dei frå tidlegare er vorte hypersensitiv mot dårleg inneklima. Dette seier oss at inneklimaet på kontora ikkje er godt nok. Vi frykter at dei som har sin faste arbeidsplass på kontora på skulen også kan få helseplagar. Vi vil be Meland Kommunestyre om å oppretthalde innstillinga frå kommuneadministrasjonen om midlar til ventilasjonsanlegg i Rossland skule sitt administrasjonsbygg.

Med beste helsing

Irene Dale Tripodianos
Irene Dale Tripodianos,
Tillitsvalgt Fagforbundet
Rossland skule, 11/11-2015